

Kl. 09 Velkomst, namneopprop og betaling av turkontingent (kr.350 for vanleg deltakar/ kr.200 for sjåførar/ kr.100 for leiar (køyrer 2 tur kr 150,- for born

v/Hardingarinden - info om tur og pilegrimstradisjon
oppe i Hardingarinden - LAUDES

Kort stopp under ura under Staberget, under Staberget, drikkepause ved Stabergselva, stopp i Stabergsdalen, her hadde den store varden blåst heilt ned. Varden ovanfor Stabergsdalen retta vi opp att toppen på. Og her byrja sola å bryte litt igjennom. Og oppe på Langedalshaugen såg vi at turen vidare ville få gå i solskin. Denne gongen låg skodda mot Krossdalen, så utsikta attende var skoddehav under blå himmel, og toppane av Drebrekkefjellet, Jonstein og Kvammafjella som stakk opp av skoddehavet. Ikkje snø i ura under Langedalshaugen, lett å gå denne gongen.

kl.12.30 Matpause på Langedalshaugen ved varden Bruerslått Stafset nr.5 - "båtlåt" ved Anne Karin, blokkfløyte
v/ingong til Langedalen- SEKST

Lite snø i fjellet, så vi gjekk opp i berga midtvegs i Langedalen.

Kort pause ovanfor Langedalstjørni, med fellesbilete og musikkinnslag: Bruerslått Stafset nr.7 v/Aks på blokkfløyte og Førdes Bruremarsj. ved vokaltrio Anne Karin, Åse Karin og Inger Elisabeth.

Vi såg spor etter reinsdyr på fonna rett før og etter Brakastauren. Her hadde vi ein kort pause med litt info om Brakastauren.

Matpause og NON ved Høgstaleite. Magnushymnen ved Inger Elisabeth og Anne Karin. Avgong ca.1530.

Vegaskiljeskiltet utan snø, så i år såg vi skilta.

Matpause ved varden på Reisæteegg. Flott utsikt over til vidda og ned til fjorden. Avgong frå Eggi kl.17.00

Skjortefonn så liten at stien gjekk utanom fonna. Fonna mellom Øvste- og Nedste Kvilingehaug var også borte, så turen ned frå Eggi gjekk snøfritt.

Øykjavadet hadde ikkje mykje vassføring og gjekk greit å kome over, med litt hjelp for dei som trengte det. Ingen kjetting denne gongen. Flott med ny bru over elva nederst i lia, slik at vi fekk gå "gamlevegen" siste stykket ned.

Ca kl.18.30 nede på Reisæter, VESPER ved Streifsteinen og reprise Førdes Bruremarsj ved vokaltrioen.

Skyssen gjekk avtalt til kl 19,

Bussen var i Jondal kl.20.15, og tilreisande deltakarar kunne reise med ferja kl. 20.50. Anne Karin skyssa sjåførane ut til Hardingarinden etter bilane deira.

39 deltakarar var med på Pilegrimsturen 2018. Turfølgjet held god samling, og vi hadde ikkje nokon uhell på vegen. Deltakarane hadde høyrte om turen frå vener, via avisannonser, plakatar og via nettside og facebook.

Anne Karin var turleiar, liturg og hadde med sopran-blokkfløyte. Tomas Haavik var ankermann i følgjet. Tekstlesarar var Anne Karin, Dag og Olav Helge. Vi brukte oppdatert agende for tidebønene Laudes, Sekst, Non og Vesper. Salmane var på eige ark og følgjande; N13 799- Syng i stille morgonstunder, N13 333 No kallar sol og sommarvind, N13 436 Jesus Krist, forklar meg hva du mente, N13 823- Ned i vester soli glader. Tekstane var Kolossarane 1, 15-17, Johannes evangeliet 1,1-5, Romarbrevet 8,18-23 og Johannes Openberring 21,3-5a.